



HYLLESTAD KOMMUNE

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Hyllestad kommunestyre	26.04.2012	026/12	JENS
Saksansvarleg: Jens Chr. Lundeland	Arkiv K2-U63		Arkivsaknr. 11/635

Søknader om fornying av sals- og skjenkeløyve

26.04.2012 HYLLESTAD KOMMUNESTYRE

Kari Hilde Ulvik ba om vurdering av ugildskap i saka, og trådde frå møtet under handsaming av spørsmålet. Kommunestyret fann samrøystes at Ulvik er ugild i saka.

KOMM-026/12 SAMRØYSTES VEDTAK:

I. Hyllestad kommunestyre gir løyve til sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1 med inntil 4,7 volumprosent alkohol fram til 30.06.16 til følgjande utsalsstader:

1. Sørbovåg Senter AS / Bunnpris Sørbovåg, 6958 Sørbovåg
2. Hyllestad Matsenter AS / SPAR Hyllestad, 6957 Hyllestad
3. Stjernemat AS / ICA nær Leirvik, 6951 Leirvik.

Salstidene følgjer opningstidene til forretningane og er avgrensa av Alhohollova sine absolutte lovlege grenser (kl 08.00 – 20.00 (18.00)).

II. Kommunestyret gir følgjande skjenkeløyve fram til 30.06.16:

1. Leirvik Kro og Motell får alminneleg løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk i gruppe 1,
2 og 3 på følgjande vilkår:
 - a. Løyvet gjeld for bar, restaurant og kafelokala i 1.etg, samt uteterrassen mot sjøen og parkeringsplassen.
 - b. Skjenketider:
Alle dagar måndag – søndag frå kl 10.00 til 02.00 for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent.
Alle dagar måndag – søndag frå kl 13.00 til 01.00 for alkoholhaldig drikk gruppe 3 (brennevin).
 - c. Vilkår som elles følgjer av Alkohollova.
2. Storelia Motell v/ eigar og styrar Reidun Fleten får løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3 på følgjande vilkår:
 - a. Løyvet gjeld for selskapslokalet i Storelia Motell og terrassen på begge sider av inngangen til selskapslokala.

- b. Skjenketider:
Alle dagar måndag – søndag frå kl 12.00 til kl 02.00 for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent.
Alle dagar måndag – søndag frå kl 13.00 til kl 01.00 for alkoholhaldig drikk gruppe 3 (brennevin).
 - c. Vilkår som elles følgjer av Alkohollova.
3. Kvernsteinen pub og netcafe v/ eigar og styrrar Roar Nordbø får alminneleg løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent på følgjande vilkår:
- a. Løyvet gjeld for lokala / areala til Kvernsteinen pub- og netcafé og uteterrasse. Pga uteterrassen si plasseringa i høve til utskjenkingspunktet inne, er det eit krav at gjestane på uteterrassen blir serverte ved borda.
 - b. Skjenketider: måndag – fredag frå kl 09.00 til kl 20.00, og laurdag frå kl 09.00 til kl 18.00.
 - e. Vilkår som elles følgjer av Alkohollova.

ADMINISTRASJONEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

I. Hyllestad kommunestyre gir løyve til sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1 med inntil 4,7 volumprosent alkohol fram til 30.06.16 til følgjande utsalsstader:

- 1. Sørbovåg Senter AS / Bunnpris Sørbovåg, 6958 Sørbovåg
- 2. Hyllestad Matsenter AS / SPAR Hyllestad, 6957 Hyllestad
- 3. Stjernemat AS / ICA nær Leirvik, 6951 Leirvik.

Salstidene følgjer opningstidene til forretningane og er avgrensa av Alkohollova sine absolutte lovlege grenser (kl 08.00 – 20.00 (18.00)).

II. Kommunestyret gir følgjande skjenkeløyve fram til 30.06.16:

- 1. Leirvik Kro og Motell får alminneleg løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3 på følgjande vilkår:
 - a. Løyvet gjeld for bar, restaurant og kafelokala i 1.etg, samt uteterrassen mot sjøen og parkeringsplassen.
 - b. Skjenketider:
Alle dagar måndag – søndag frå kl 10.00 til 02.00 for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent.
Alle dagar måndag – søndag frå kl 13.00 til 01.00 for alkoholhaldig drikk gruppe 3 (brennevin).
 - c. Vilkår som elles følgjer av Alkohollova.
- 2. Storelia Motell v/ eigar og styrrar Reidun Fleten får løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3 på følgjande vilkår:
 - a. Løyvet gjeld for selskapslokalet i Storelia Motell og terrassen på begge sider av

- inngangen til selskapslokala.
- b. Skjenketider:
Alle dagar måndag – søndag frå kl 12.00 til kl 02.00 for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent.
Alle dagar måndag – søndag frå kl 13.00 til kl 01.00 for alkoholhaldig drikk gruppe 3 (brennevin).
 - c. Vilkår som elles følgjer av Alkohollova.
3. Kvernsteinen pub og netcafe v/ eigar og styrar Roar Nordbø får alminneleg løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent på følgjande vilkår:
 - a. Løyvet gjeld for lokala / areala til Kvernsteinen pub- og netcafé og uteterrasse. Pga uteterrassen si plasseringa i høve til utskjenkingspunktet inne, er det eit krav at gjestane på uteterrassen blir serverte ved borda.
 - b. Skjenketider: måndag – fredag frå kl 09.00 til kl 20.00, og laurdag frå kl 09.00 til kl 18.00.
 - e. Vilkår som elles følgjer av Alkohollova.

DOKUMENTLISTE:

Nr	T	Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	25.10.2011	Stjernemat as	Fornyng av sals- og skjenkeløyve
3	U	09.01.2012	Leirvik Kro og Motell; Storelia Motell; Sørbøvåg senter AS / Bunnpris Sørbøvåg; Hyllestad Matsenter AS / Spar Hyllestad; Stjernemat AS / Ica Leirvik; Sørbøvåg Senter AS	Alkoholomsetning - fornyng av sals- og skjenkeløyve
5	I	24.01.2012	Helsedirektoratet	Kommunestyrets behandling av søknader om fornyng av sals og skjenkebevillingar
6	I	27.01.2012	Sørbøvåg Senter AS	Fornyng av dagens salsløyve og skjenkeløyve
7	I	06.02.2012	Spar Hyllestad	Alkoholomsetnad - fornyng av løyve
9	I	14.02.2012	Storlia Hytter og Motell	Alkoholomsetnad og fornyng av løyve
11	I	04.03.2012	Leirvik Kro og Motell A/S	Søknad om fornyng av skjenkeløyve
10	U	05.03.2012	Lensmannen i Hyllestad; Kristen Holt	Fornyng av sals- og skjenkeløyve
15	X	03.04.2012	Jens Chr. Lundeland	Fornyng av sals- og skjenkeløyve - uttale frå NAV/sosialtenesta
18	I	12.04.2012	Hyllestad lensmanskontor	Ingen merknad
19	I	19.04.2012	Skatteetaten	Skatteattest
20	U	30.04.2012	Søkjarane	Fornyng av sals- og skjenkeløyve

IKKJE TRYKTE DOKUMENT:

AKTUELLE LOVER, FØRESEGNER, AVTALAR M.M.:

Alkohollova.

KVA SAKA GJELD:

1. Søknader om fornying av salsløyve frå
 - a. Sørbovåg Senter AS / Bunnpris Sørbovåg, 6958 Sørbovåg
 - b. SPAR Hyllestad / Hyllestad Matsenter AS, 6957 Hyllestad
 - c. Stjernemat AS, ICA nær Leirvik, 6951 Leirvik

2. Søknader om fornying av skjenkeløyve frå
 - a. Leirvik Kro og Motell AS, 6951 Leirvik
 - b. Storelia Motell, 6958 Sørbovåg
 - c. Kvernsteinen pub og netcafe / Fjordkick

SAKSUTGREIING:

1. Salsløyve:

- a. Søkjar : Sørbovåg Senter AS / Bunnpris Sørbovåg
Org.nr : 976861302
Eigarar : Roar og Merete Holten Nordbø 100%
Utsalsstad : Sørbovåg Senter / Bunnpris Sørbovåg
Opningstid : 09.00 – 20.00 (18.00)
Styrrar : Roar Nordbø f 2.10.65
Avløyssar : Kari Rysjedal f. 28.11.69
Både styrrar og styrrar sin avløyssar har greidd kunnskapsprøven.

- b. Søkjar : SPAR Hyllestad / Hyllestad Matsenter AS
Org.nr : 980798100
Eigarar : Per-Ragnar Løvø 100%
Utsalsstad : Hyllestad Matsenter / SPAR Hyllestad
Opningstid: 09.00 – 19.00 (16.00)
Styrrar : Per-Ragnar Løvø 01.03.55
Avløyssar : Martha Systad Iden 31.01.46
Både styrrar og styrrar sin avløyssar har greidd kunnskapsprøven.

- c. Søkjar : Stjernemat AS / ICA nær Leirvik
Org.nr : 981579518
Eigarar : Roar Einen 100%
Utsalsstad : Stjernemat / ICA nær Leirvik
Opningstid: 09.00 – 20.00 (16.00)
Styrrar : Roar Einen f. 30.03.65
Avløyssar : Ann-Lise Birkeland f. 16.02.73
Både styrrar og styrrar sin avløyssar har greidd kunnskapsprøven.

Søkjaraane har i dag eit salsløyve som som følgjer opningstidene. Kommunestyret har ikkje lagt andre innskrenkingar enn dei som følgjer av Alkohollova. Skatteattstar føreligg.

2. Skjenkeløyve:

- a. Søklar : Leirvik Kro og Motell AS
Org.nr : 939182241
Eigarar : Laila Feten 50% og Oddgeir Feten 50% (tidlegare oppgitt)
Skjenkestad: Leirvik Kro og Motell: restaurant, kafe, bar og uteterrasse.
Søknaden : Søknaden gjeld alminneleg skjenkeløyve for øl, vin og brennevin heile året, alle dagar måndag – søndag kl 10.00 – 02.00.
Styrrar : Laila Feten 09.11.51
Avløyssar : Beathe Feten f 05.10.74
Både styrrar og styrrar sin avløyssar har greidd kunnskapsprøven.
- b. Søklar : Storelia hytte og motell
Org.nr : 980294838
Eigarar : Reidun Fleten 100%
Skjenkestad: Storelia motell: restaurant / selskapslokale og uteterrasse på begge sider av inngangspartiet.
Søknaden : Søknaden gjeld alminneleg skjenkeløyve for øl, vin og brennevin heile året, alle dagar måndag – søndag kl 12.00 - 02.00; til kl 01.00 for brennevin.
Styrrar : Reidun Fleten f.05.01.48
Avløyssar : Linda Fleten Snekkevåg f 22.10.71 og Reidar Andreas Fleten f 25.06.77.
Styrrar har greidd kunnskapsprøven. Ingen av dei oppgjevne avløyssarane har dokumentert kunnskapsprøve.
- d. Søklar : Kvernsteinen pub- og netcafé / Fjordkick
Org.nr : 976861302
Eigarar : Sørbøvåg senter AS som er 100% eigd av Roar og Merete Holten Nordbø.
Skjenkestad:Sørbøvåg Senter / Kvernsteinen pub- og netcafé (ute og inne)
Søknaden : Søknaden gjeld fornying av dagens alminnelege skjenkeløyve for øl og vin heile året med opningstid som for butikken: måndag – fredag 09.00 – 20.00 og laurdag 09.00 - 18.00.
Styrrar : Roar Nordbø f. 2.10.65
Avløyssar : Kari Rysjedal f. 28.11.69

Både styrrar og styrrar sin avløyssar har greidd kunnskapsprøven for skjenkeløyve.

Generelt

Alkohollova § 1-1 har som føremål å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadane som følgje av alkoholbruk. Lova siktar mot å avgrense alkoholforbruket.

Eit løyvevedtak er ei skjønsmessig avgjerd. Det kan bla. leggast vekt på tal sals- og skjenkestader, staden sin karakter, plassering, målgruppe, trafikk- og ordensmessige forhold, næringspolitiske omsyn, omsynet til nærmiljøet, om søklar er eigna til å ha løyve.

Det er likevel ein del formelle krav til handsaminga. Kommunen har ikkje høve til å knyte andre vilkår til løyvet enn det som følgjer direkte av lova.

Styrar og styrar sin avløyser skal ha greidd kunnskapsprøve om Alkohollova. Alkohollova § 1-7c har likevel eit unntak: Det kan gjerest unntak fra kravet om stedfortreder når det vil virke urimelig bl.a. av hensyn til salgs- og skjenkestedets størrelse.

Salsløyve:

Løyve skal gjevast i medhald av Alkohollova av 2.juni 1989 som omfattar drikke som inneheld meir enn 2,50 volumprosent alkohol. Alkoholsvak drikk med volumprosent 2,50 eller mindre, er ikkje omfatta av lova og kan seljast fritt. Alkoholhaldig drikk som inneheld mellom 0,70 og 2,50 volumprosent alkohol skal likevel ikkje seljast til personar under 18 år.

Alkoholhaldig drikk gruppe 1 er øl med meir enn 2,50 og inntil 4,7 volumprosent alkohol. Alkoholhaldig drikk gruppe 2 og 3 (stektøl, vin og brennevin) over 4,7 volumprosent alkohol er berre tillatt å selje av AS Vinmonopolet.

Det kan setjast vilkår for løyvet innafor følgjande rammer:

- Løyve kan gjevast for periodar inntil 4 år om gangen – det vil seie for 1,2,3 eller 4 år om gangen. Løyvet kan gjevast for ein bestemt del av året og for ein skilde høve.
- Etter §3-7 i Alkohollova skal sal og utlevering skje frå kl 08.00 – kl 18.00. På dagar før søn- og helgedagar skal salet opphøre kl 15.00. Dette gjeld ikkje dagen før Kristi Himmelfartsdag.
- Kommunestyret kan generelt for kommunen eller for den ein skilde salsstaden innskrenke eller utvide tida for sal av øl, eksempelvis at sal av øl ikkje skal finne stad på bestemte tider på dagen eller bestemte vekedagar.
- Utlevering av øl er forbudt etter kl 20.00 på kvardagar, og etter kl 18.00 på dagar før søn- og helgedagar, unntateke dagen før Kristi Himmelfartsdag.

Det er ikkje lovleg å selje øl på søn- og helgedagar, 1. og 17.mai og på valdagar.

Søknadane gjeld øl klasse 2 / alkoholhaldig drikk gruppe 1 med meir enn 2,50 og inntil 4,7 volumprosent alkohol.

Daglegvareforretningane i Hyllestad har eit salsløyve som er knytt til opningstida. Dei oppgjevne opningstidene ligg innafor lova sine absolutte krav.

Skjenkeløyve:

Alkohollova § 4-4:

Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 kan skje fra kl 13.00 til 24.00. Skjenking av annen alkoholholdig drikk kan skje fra kl 08.00 til 01.00.

Kommunestyret kan generelt for kommunen eller for det enkelte skjenkested innskrenke eller utvide tiden for skjenking i forhold til det som følger av første ledd.

Fastsatt skjenketid kan utvides for en enkelt anledning.

Skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 3 er forbudt mellom kl 03.00 og 13.00. Skjenking av annen alkoholholdig drikk er forbudt mellom kl 03.00 og 06.00.

Tiden for skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 3 kan ikke fastsettes utover den tid det skjenkes annen alkoholholdig drikk.

Konsum av utskjenket alkoholholdig drikk må opphøre senest 30 minutter etter skjenketidens utløp.

På overnattingssteder kan det skjenkes alkoholholdig drikk gruppe 1 og 2 til overnattingsgjester uten hensyn til begrensningene i denne paragraf.

Kommunalt løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk kan gjevast for periodar inntil 4 år, og med opphøyr seinast 30.juni året etter at nytt kommunestyre tiltrer.

I skjønnsvurderinga av om det bør gjevast skjenkeløyve, kan kommunen etter Alkohollova § 1-7a ” *blant annet legge vekt på antallet salgs- og skjenkesteder, stedets karakter, beliggenhet, målgruppe, trafikk- og ordensmessige forhold, næringspolitiske hensyn og hensynet til lokalmiljøet for øvrig. Det kan også legges vekt på om bevillingssøker og personer nevnt i 1-7b første ledd er egnet til å ha salgs- eller skjenkebevilling.*

.....

Kommunen kan beslutte at det ikke skal gis mer enn et bestemt antall bevillinger til salg eller skjenking.”

Alkohollova §4-1, 1.setn: *Det kan ikke gis bevilling til salg og skjenking i samme lokale.*

Gebyr

Gebyra til kommunen er p.t. for

- salsløyve: kr 0,18 pr vareliter drikk i gruppe 1 (øl) - minimum kr 1.350,- pr år
- skjenkeløyve: kr 0,99 pr vareliter drikk i gruppe 2 (vin) og kr 3,24 pr vareliter drikk i gruppe 3 (brennevin) – minimum kr 4.000 pr år.

Det er bedt om uttale frå lensmannen og frå sosialtenesta. Lensmannen har ikkje noko å merke til søknadane. NAV Sosialtenesta har heller ikkje merknader til søknadane, men viser til vedteken ruspolitisk handlingsplan.

VURDERING:

Det har vore eit vilkår at uteserveringa gjeld i tidsrommet 1.mai – 30.sept. Leirvik har fått løyvet utvida til å gjeld heile året, mens tidsavgrensinga framleis gjeld for Storelia og Kvernsteinen pub og netcafe. Av likebehandlingsomsyn vel ein å ta bort dette vilkåret for alle.

Alle søknadane gjeld fornying av eksisterande løyve. Storelia Motell søker om løyve til å skjenke øl, vin og brennevin frå kl 12.00. Det må her påpeikast at det ikkje er lovleg å skjenke alkoholhaldig drikk gruppe 3 før etter kl 13.00. Eg har elles ikkje merknader til søknadane.

Av omsyn til verksemda sin storleik og omsetning, kan ein truleg vurdere om det er nødvendig å pålegge ny avløyssar for styrar ved Storelia å gjennomføre kunnskapsprøven. Det same vil i så fall gjelde for Kvernsteinen pub og netcafe ved ev seinare skifte av avløyssar. Eg vel å peike på dette med tanke på kommunestyret si vurdering.

Kommunen er pliktig å føre kontroll med sals- og skjenkestadane. Kommunen har ikkje noko etablert kontrollopplegg etter lova. Tidlegare avtale med Securitas vart sagt opp av økonomiske grunnar. Ruspolitisk handlingsplan peikar og på denne mangelen.